



Advent – Kari Marie Frøysa

Advent. Ordet kommer fra latin og betyr komme til. Vi venter på en som skal komme til oss, Messias, det lille barnet i krybben. Advent er en forberedelsestid. Foran begge de to store høytidene våre er det en fastetid, en lang foran påsken, og en kortere foran jula. Derfor bruker vi lilla som liturgisk farge i kirkene i disse periodene. Lilla betyr fastetid, det er den blå him-

melen som møter jorden med sin røde kjærlighet og ber oss om å ta imot frelsen i Jesus.

Lilla. Derfor har vi altså lilla lys i advent. Og adventskransen har fire lys, en for hver søndag i fastetiden før underet inntreffer, Jesus blir født. Søndag er det aldri faste. Da feirer vi året rundt at Jesus sto opp fra de døde en tidlig søndagsmorgen.

Meningsfull faste. Hvordan kan vi skape en meningsfull advent i dag? Vi har jo alt vi trenger hele tiden, så fasten som en tid for å dele synes

jeg er en god markering. Ved å bruke litt mindre på oss selv i denne perioden, kan vi legge til side penger som har til formål å hjelpe andre. En fastebøsse på bordet kan være en god påminning. Kanskje er det dit vekslpengene tar veien? Eller sedler for den som har slikt å avse. Noen har bedre tid enn andre. Kanskje kan en middagsinvitasjon være en utstrakt hånd til travle medborgere. Eller en invitasjon til adventskaffe, felles julebakst. Vi er ulike og har ulike ressurser. Ta dem i bruk!

Adventstund. I hjemmet kan vi markere fasten med en liten adventstund de dagene vi får det til. Med barn i huset kan Julemysteriet av Jostein Gaarder bli en favoritt. Eller finn et annet opplegg. Nå har det kommet adventshefter også for de voksne. Og vi leter fram Adventsstjerne og sjuarmet lysestake. Gi oss julen tilbake var navnet på en aksjon for noen år siden. Jeg var selv en av underskriverne. Kjøpepresset har blitt enormt i adventstida. Det er flott å huske hverandre med gaver, slik Jesus er en Guds gave til oss. Men det må ikke få ta all oppmerksomheten i fastetida. Nå er det ofte slik at julen blir feiret i hele adventstiden, og forventningen til høytiden blir svekket, eller bare en rask avslutning på en lang prosess. Så ta både adventstiden og julen tilbake. Da blir høytiden mer meningsfull.

KMF



SLEKTERS GANG



DØYPTE

GISKE KYRKJE

Emanuel Ramsli	15.10.06
Ida Viddal Sandanger	15.10.06
Lucas Strand Breivik	15.10.06
Thomas Hofseth Blomvik	12.11.06
Alida Giske Andersen	12.11.06

GODØY BEDEHUSKAPPELL

VIGRA KYRKJE

Ella Karine Luthentun Thorseth	24.09.06
Julian Valkvæ	24.09.06
Nathalie Årseth	08.10.06
Lene Rørvik Bjørdal	08.10.06
Alba Ulstein	22.10.06
Edina Grønmo Ajdinovic	05.11.06
Erica Muren Breivik	05.11.06
Linnea Roald-Nikolaisen	05.11.06
Julie Olea Roaldsnes	05.11.06
Erik Kornelius Kleivan Breivik	05.11.06
Victor August Muren Lyngstad	05.11.06

Eline Svabø Rørvik	19.11.06
Andreas Herman Rørvik	19.11.06
Johan Moltu Røsvik	19.11.06

VALDERØY KYRKJE

Christoffer Hovlid Bakken	01.10.06
---------------------------	----------

NED-STRYN KYRKJE

Phillip Sætre Egge	19.11.06
--------------------	----------



Sonia Lovise Røsvik og Karsten Urkedal vart vigde i Vigra kyrkje 23.09.2006. Foto: Erling Urkedal



VIGDE

GISKE KYRKJE

Elin Marie Nordstrand og Ronny Fure
28.10.06

VIGRA KYRKJE

Sonia Lovise Røsvik og Karsten Urkedal
23.09.06

VALDERØY KYRKJE

Beate Stub Skjong og Trond Farstad
11.11.06
Ingunn Janne Gundersen og Arild Jan Valderhaug
17.11.06

Framhald side 9

KYRKJEBLAD FOR GISKE

Kyrkjekontoret
Rådhuset, 6050 Valderøy

Kari Marie Frøysa, redaktør
Anne-Helen Roaldsnes
Berit Johansen
Randi Oltedal
Lars-Ståle Giskeødegård
Erling Urkedal

Ansvarleg utgivar: Giske fellesråd

Redaktør heimeside: Arne Klykken
www.giske.kyrkja.no
E-post: kyrkjebladet@giske.kyrkja.no

Annonsansvarleg og kasserar:

Olav Godø
Frivillig kontingent: kr. 100,- pr. år
Bank: 3904.52.69063 - Post: 3859766
Trykk: Unitykk as, 6022 Ålesund

Velkommen til kyrkje

Gudstenesteliste

2. SUNDAG I ADVENT Søndag 10.12.2006

GISKE KYRKJE. kl. 11:00 FAMILIEGUDST/4-ÅRSBOK Liturg: REIDAR STANDAL. Takkoffer til IKO - Kirkelig pedagogisk senter. Kyrkjebok til 4-år.

VALDERØY KYRKJE. kl. 11:00 FAMILIEGUDSTENESTE Liturg: KJETIL FRØYSA. Takkoffer til Aksjon Håp. Kyrkjebok til 4-år./Kor Tøft

VIGRA KYRKJE. kl. 18:00 LYSMESSE Liturg: HN
GODØY KAPELL. kl. 19:00 LYSMESSE Liturg: REIDAR STANDAL
Takkoffer til Aksjon Håp. Godøy ungdomskor

3. SUNDAG I ADVENT Søndag 17.12.2006

GODØY ALNES ELDRESENTER. kl. 11:00 HØGMESSE Liturg: REIDAR STANDAL

VIGRA HELSETUN. kl. 11:00 HØGMESSE Liturg: VIKAR

Tirsdag 19.12.2006

VIGRA KYRKJE. kl. 10.30 BARNEHAGEGUDSTENESTE Liturg: KJETIL FRØYSA

ALNES BEDEHUS. kl. 12.00 ALNES SKULE Liturg: REIDAR STANDAL

VIGRA KYRKJE. kl. 12.00 BARNEHAGEGUDSTENESTE Liturg: KJETIL FRØYSA

GISKE KYRKJE. kl. 20.00 GISKE SKULE Liturg: REIDAR STANDAL

Onsdag 20.12.2006

VALDERØY KYRKJE. kl. 08.45 VALDERØY UNGDOMSSKULE Liturg: REIDAR STANDAL

Torsdag 21.12.2006

VIGRA KYRKJE. kl. 11.00 VIGRA SKULE Liturg: KJETIL FRØYSA

GODØY KAPELL. kl. 12.00 GODØY SKULE Liturg: REIDAR STANDAL

VALDERØY KYRKJE. kl. 12.15 VALDERØY/SKJONG B.SKULER Liturg: KJETIL FRØYSA

JULAFTAN Søndag 24.12.2006

VALDERØY KYRKJE. kl. 14.00 FAMILIEGUDSTENESTE Liturg: KJETIL FRØYSA. Takkoffer til Bibelskolen i Hunan-NMS.

VIGRA KYRKJE. kl. 14.00 FAMILIEGUDSTENESTE Liturg: HN
Takkoffer til Den Norske Israelsmisjon.

GODØY KAPELL. kl. 14:00 FAMILIEGUDSTENESTE Liturg: REIDAR STANDAL. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

GISKE KYRKJE. kl. 15.30 FAMILIEGUDSTENESTE Liturg: REIDAR STANDAL. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

VALDERØY KYRKJE. kl. 15.30 FAMILIEGUDSTENESTE Liturg: KJETIL FRØYSA

JULEDAG Mandag 25.12.2006

GISKE KYRKJE. kl. 11:00 HØGTIDSMESSE Liturg: REIDAR STANDAL. Takkoffer til Det Teologiske Menighetsfakultet. Giske Mannskor

VIGRA KYRKJE. kl. 11:00 HØGTIDSMESSE Liturg: KJETIL FRØYSA

2. JULEDAG Tirsdag 26.12.2006

GODØY KAPELL. kl. 11:00 HØGMESSE Liturg: REIDAR STANDAL
Takkoffer til Norsk Misjon i Øst.

VALDERØY KYRKJE. kl. 11:00 HØGMESSE Liturg: KJETIL FRØYSA
Overføring NRK 1/Radiogudsteneste

NYÅRSAFTAN Søndag 31.12.2006

VALDERØY KYRKJE. kl. 15.00 MINNEGUDSTENESTE Liturg: KJETIL FRØYSA

VIGRA KYRKJE. kl. 23.00 MIDNATTSGUDSTENESTE Liturg: KJETIL FRØYSA

NYÅRS DAG Mandag 01.01.2007

GODØY KAPELL. kl. 11:00 HØGMESSE Liturg: KJETIL FRØYSA

Søndag 07.01.2007

VALDERØY KYRKJE. kl. 11.00 Liturg: REIDAR STANDAL

Søndag 14.01.2007

VIGRA KYRKJE. kl. 11.00 HØGMESSE Liturg: KJETIL FRØYSA

2. SUNDAG ETTER KRISTI OPENBERRING

Søndag 21.01.2007

GISKE KYRKJE. kl. 11:00 HØGMESSE Liturg: KJETIL FRØYSA

VALDERØY KYRKJE. kl. 11:00 HØGMESSE Liturg: REIDAR STANDAL

VINGARDSSUNDAGEN Søndag 28.01.2007

GODØY KAPELL. kl. 11:00 HØGMESSE Liturg: REIDAR STANDAL

VIGRA KYRKJE. kl. 11:00 HØGMESSE Liturg: KJETIL FRØYSA

Bønevandring

SÅMANNSSUNDAGEN Søndag 04.02.2007

GISKE KYRKJE. kl. 11:00 BARNAS MISJONSDAG Liturg: REIDAR STANDAL. Samarb. Normisjon

VALDERØY KYRKJE. kl. 11:00 BARNAS MISJONSDAG Liturg:

KJETIL FRØYSA. Samarb. Normisjon

KRISTI FORKLÅRINGS DAG Søndag 11.02.2007

GODØY KAPELL. kl. 11:00 BARNAS MISJONSDAG Liturg: REIDAR STANDAL. Samarb. NMS

VIGRA KYRKJE. kl. 11:00 BARNAS MISJONSDAG Liturg: KJETIL FRØYSA. Samarb. Normisjon

SUNDAG FØR FASTE Søndag 18.02.2007

VALDERØY KYRKJE. kl. 11:00 HØGMESSE Liturg: REIDAR STANDAL

GISKE KYRKJE. kl. 1300 HØGMESSE Liturg: REIDAR STANDAL
Bønevandring

ASKEONSDAG Onsdag 21.02.2007

VALDERØY KYRKJE. kl. 19.00 FASTEGUDSTENESTE Liturg: REIDAR STANDAL

1. SUNDAG I FASTE Søndag 25.02.2007

VIGRA KYRKJE. kl. 11:00 HØGMESSE Liturg: REIDAR STANDAL

GODØY KAPELL. kl. 1300 HØGMESSE Liturg: REIDAR STANDAL

Onsdag 28.02.2007

VIGRA KYRKJE. kl. 19.00 FASTE Liturg: KJETIL FRØYSA

2. SUNDAG I FASTE Søndag 04.03.2007

VALDERØY KYRKJE. kl. 11.00 HØGMESSE Liturg: REIDAR STANDAL

GISKE KYRKJE. kl. 11:00 HØGMESSE Liturg: KJETIL FRØYSA

Onsdag 07.03.2007

GISKE KYRKJE. kl. 19.00 FASTE Liturg: REIDAR STANDAL

3. SUNDAG I FASTE Søndag 11.03.2007

GODØY KAPELL. kl. 11:00 HØGMESSE Liturg: KJETIL FRØYSA
Samarb. Normisjon

VIGRA KYRKJE. kl. 13.00 Liturg: KJETIL FRØYSA

Onsdag 14.03.2007


ALNES BEDEHUS. kl. 19.00 FASTE Liturg: KJETIL FRØYSA

4. SUNDAG I FASTE Søndag 18.03.2007

GISKE KYRKJE. kl. 11:00 HØGMESSE Liturg: REIDAR STANDAL

VALDERØY KYRKJE. kl. 13.00 Liturg: REIDAR STANDAL

Kyrkjekoret Laudamus på CD



CD-coveret til Laudamus sin CD.

Ein milepæl er nådd når koret no før jul kjem med sin første CD, som heiter 'Vi lovprisar'. På cd'en finn du eit variert utval av friske og glade songar frå Laudamus sitt repertoar.

Her skulle det vere noko for ein kvar smak, og kanskje kan dette vere julegåva du er på utkikk etter.

Dei 19 songane omfattar fleire sjangrar, alt i frå åndelege viser og negro spirituals, til tradisjonell kyrkjemusikk og nyare komposisjonar. Lokale krefter er også representert. Dirigenten sjølv, Richard Powell står for fleire spennande komposisjonar og arrangement.

Soknepresten vår, Kjetil Frøysa, har laga tekst til to friske lovsongar, Hausttakkesong og Min munn er fylt av latter. Den siste har han og laga melodi til. I tillegg har ein av songarane, Kjetil Langvatn, bidratt med teksten til songen 'Han kom som barn'. Denne songen vart urframført i Vigra kyrkje 1. juledag i år, da hans første barnebarn var døypt. Det er Lydkjeller'n i Ålesund som har stått for det lydtekniske og organist Jostein Maude frå Ålesund har vore til god hjelp som ekstradirigent, når Richard Powell måtte traktere orgel eller piano.

Laudamus har vore på fleire turnear, og sunge i kyrkjer m.a. i Sverige, Lillehammer og Levanger. Sist vår var koret på tur til Bergen der dei hadde konsert i Åsane kyrkje og song i gudsteneste i Helgheim kyrkje i Jølster. Store delar av repertoaret på CD'en vart brukt på denne turen.

Biletet er tatt då koret hadde si våravslutning på Godøytun i juni.

Foto og tekst: Arne Klykken



Verdenskjent orgel-virtuos til Valderøy kyrkje!

Laurdag den 13. januar kl. 20 vert det storkonsert i Valderøy kyrkje med Carlo Curley. Han er ein av dei svært få organistar i verda som reiser rundt og gjev konsertar på fulltid. Han har spelt i Det Kvite Hus for Presidentane, optrådt flere gonger for den Danske Kongefamilie, og elles spelt overalt, frå Japan til Sør Afrika, Skandinavia til Russland, Europa til Amerika.

I konserten i Valderøy kyrkje, der han vil spele på det spennande, nye orgelet installert for to år sidan, vil han spele musikk av fleire typar som vil ha appell for dei fleste. Spelepulten vert flytta midt i kyrkja slik at publikum vil kunne få sjå han i aksjon, og i tillegg, vil vi prøve å få eit 'live' bilete av han opp



Orgelvirtuosen Carlo Curley kjem til Valderøy kyrkje.

på storskjerm medan han spelar. Så dette vil bli ein svært spennande kveld og eit stort konserthøgdepunkt, ikkje berre på Valderøy, men heile Vestlandet!

Richard Powell

Vivaldi Gloria framføring i Vigra kyrkje

Søndag 11 februar kl. 18 vil eit storkor sett saman av tre kor med cirka 105 songarar vitje Vigra kyrkje. Saman med eit 15-manns strykeorkester og Ålesund strykekvartett, framfører dei Antonio Vivaldi sin berømte verk, Gloria. Fleire kjende solistar stiller opp, m.a. Marianne Ravn Stavsen og Lisbet Lislevatn. Fleire vil hugse Hayden Powell frå hans konsert med Dixi. Denne gongen kjem han tilbake for å spele Torellis trompet konsert i D-dur saman med strykarane. Dei tre kora er: vårt eige kyrkjekor Laudamus, Ørskogkoret og Tomrefjord Songlag. Konserten vert også framført dagen før i Ørskog kyrkje, så dette er et stort prosjekt for Laudamus.

Vivaldi har alltid vore ein svært populær

komponist som skreiv musikk med livlege rytmer og songbare melodiar. Han var også prest, kjend som 'Il prete rosso', den raude presten, truleg på grunn av det raude håret hans. Gloria og De Fire Årstider er dei mest kjende verka hans og var skreive for eit vaisenhus i Venezia, der han underviste i musikk frå 1703. Borna der fikk ei grundig musikkopplæring. Ifølgje fleire dokument, var konsertene som var organisert ved denne institusjonen på eit høgt nivå og bidro i til stor grad til å finansiere drifta der. Gloria er eit melodiest og tiltrekkande verk. Vi håper mange vil finne vegen til Vigra kyrkje på søndag den 11. februar kl. 18.

Richard Powell.

JULEKONSERTAR

Dei tradisjonelle julekonsertane med lokale korps og kor går av stabelen desse dagane:

Valderøy kyrkje: sønd. 17.des. kl. 17.00

Godøy bedehuskapell: sønd. 17.des. kl. 16.00

Giske kyrkje: fred. 15.des. kl. 19.00

Få med deg den gode førjulsstemninga og møt fram!

HVORDAN HAR DU DET egentlig?



Kirkens SOS
815 33 300

Kyrkjeforum

Valderøy kyrkje onsdag 24. januar:
Randi og Geirmund Oltedal.

"Etiopia – eit gammalt kristent kulturland."
Lysbilder, kåseri, mat.

Sareptas krukke:



Den sjuarma lysestaken

Det er ein vakker skikk som har utvikla seg i adventstida når mange set ein lysestake med sju lys i vindauga på heimane sine. Men kvar kjem skikken frå?

Den sjuarma lysestaken kjenner vi frå Det gamle testamentet. Der er han plassert i tabernakelet og tempellet - staden for Guds nærver på jorda. For jødane er lysestaken eit symbol for Guds folk - og vi ser at i dagens Israel vert lysestaken ofte brukt som eit symbol for det israelske folk.

Når vi set den sjuarma lysestaken i kyrkja eller i vindauga i husa våre, seier vi: Her er Guds folk. Sju er

det fullkomne talet. Fire er menneskja sitt tal. Tre er Guds tal. Fire pluss tre er sju.

Men den lysande lysestaken seier noko meir. Besøker du jødiske synagoger rundt om i verda - vil du aldri finne ein tend sjuarma lysestake. Jødane seier at den først skal tennast når Messias kjem med frelse og fred og fridom.

Når vi tenner dei sju lysa, seier vi: Messias er komen. Det var han som ein gong kom til stallen og som døydde og stod opp att i byrjinga av vår tidsrekning. Han er Messias, den levande Guds Son! Mt 16, 16

ALCERTAVLA i Giske Kyrkje 250 ÅR!

På et ovalt felt langt nede på altertavla i Giske kyrkje, kan vi lese: "funderet og fabriqueret, af JACOB SØREN, søn gieskegaard, den 27. octob, 1756" Jacob var en vanlig bondesønn fra Giske. Han var en begavet ung mann, som kunne lese og skrive. Han var svært flink til å skjære i tre. Alt var selvlært!

I første halvdel av 1700-tallet var det store skader i taket på Giske kyrkje. Kirka sto til forfalls og var ikke i bruk på hele 20 år. Takket være presten Hans Strøm, ble kirka restaurert i 1756. I den forbindelse ble Jacob utfordret til å stå for den kunstneriske utsmykkninga av inventaret. Kirka har i dag altertavle, prekestol, dør i alterring og en

offerbøsse i tre (glassmonter i våpenhus), som alt er hans verk. Jacob har skåret ut 6 altertavler. Han var 21 år da han skar ut den første (Giske kyrkje) og 83 år da han holdt på med den siste (Sandøy kirke).

Altertavlene har gitt han kallenavnet "TAVLE-JACOB". Det er kunnskap, symbolikk og bevisst tanke bak alt Tavle-Jacob har laget.

I altertavlas sentrum er det 4 bilder som forteller det sentrale i den kristne tro.

1. Jesu siste måltid med disiplene, der han innstifter nattverden.
2. Jesus blir korsfestet.
3. Oppstandelsen. 3 kvinner v/graven får høre at Jesus har stått opp.
4. Kristi Himmelfartsdag.

Tavle-Jacob viser også til den gamle og den nye pakt, Moses m/ steintavlene og stav i handa (nederst til venstre) og Aaron m/ drakta som yppersteprestene brukte, står for den gamle pakt. De fire evangelistene er plassert over disse og står alle med en åpen bibel. Jacob har plukket ut et skriftsted fra hvert evangelium. De handler om nattverd og det Jesus har gjort for oss. Den nye pakt. Jacob har plassert evangelistenes attributter (kjennetegn) ved hver av dem: Matteus (Menneskebarn), Markus (Løven), Lukas (Oksen) og Johannes (Ørnen).

Ytterst på hver side av tavla finner vi 2 utskårne kvinner. Disse er ikke historiske personer, men symbol på kristne dyder. Tro (kvinne m/kors og bibel), Håp (kvinne m/anker og due), Kjærlighet (kvinne m/barn) og Rettferdighet (kvinne m/ loddnsora).

Altertavla ble malt først i 1801. Tavle-Jacob

lagde malingen selv. Oppskrifta han brukte, er funnet og tatt vare på. Fargene vi ser i dag, er kopi av malingen Jacob brukte. Etter å ha blitt hvitmalt i 1860-åra, fikk tavla tilbake sine opprinnelige farger i 1930.


Budskapet i tavla har gitt mange fastboende og uttallige turister rike stunder her i kirka! Under gudstjenesten i kirka 29. oktober 2006, markerte vi at altertavla var 250år.

Elias Giske hadde en interessant orientering om tavla. Etter gudstjenesten hadde soknerådet laget i stand kirkekaffe/saft med festkake!

Inger M. Godø.



Altertavla i Giske kyrkje.



Detalj med Moses.

Kor Tøft på CD

Barnekoret Kor Tøft kjem i desse dagar ut med ein fersk CD med 13 friske songar. Det var nokre spennande dagar i studio der dei fekk draumen oppfylt om å syngje i eit ekte platestudio. Det vart mange stjerner utover ettermiddagen.

I midten av november var 34 ivrige unge korsongarar i platestudio i Engsetdalen. Det var sjølvstekt slitsamt å måtte syngje songane fleire gongar fordi dirigent Oddfrid ikkje var fornøgd, eller at Ole og Øyvind (teknikar) i kontrollrommet høyrde hosting, gjesping, glidelås, hik, knising osv. Ikkje alltid like lett å stå heilt stille så lenge for små ivrige songstjerner. Men dei var tøffe, og song inn 13

friske songar på nokre få timar. Fleire av dei skrivne for Kor Tøft.

Korsongarane kom til eit dekk musikalsk bord som dei såg ut til å like svært godt. Musikken hadde musikarane Ole Reinlund (tangentar), Knut Tønnes Svanes (bass) og Håkon Mjåset Johansen (trommer) spelt inn på førehand. Dei to sistnemte innleidde musikarar frå Oslo. Omslaget har grafikaren Ralph Christensen frå Valderøya laga.

No er Kor Tøft songarane ivrige etter at andre skal få høyre det flotte resultatet.



Victoria Giske syng solo.



Glade songarar med ny CD.



Kor Tøft i lydstudio.

Rettferdig julehandel?

Vil du ha en julegaveide som virkelig betyr noe for de som produserer den?

Gå inn på www.maxhavelaar.no og du kan bestille f.eks. gode konfektesker produsert for Max Havelaar. Bøker om god kaffe og sjokolade og fotballer med "Fairtrade"-merket.

Du kan også gå til din dagligvarebutikk og spørre etter Max Havelaar- kaffe, the eller juice. Dette er smakfulle produkter som jeg godt kan anbefale.

Visste du at E-design på Valderøya har nydelige produkter av tovet ull fra Mongolia.

Norsk Luthersk Misjonssamband sendte misjonærer til Mongolia i 1994. Gjennom bistandsarbeid startet de et kvinneprosjekt med bearbeiding, farging og toving av ull fra egne sauer.

I dag har 300 kvinner inntekt av dette arbeidet

Produktene er utformet av en norsk designer

Tenk med hjertet når du handler til jul
GOD JUL fra Torill Hildre

ALTERNATIVE JULEGÅVETIPS

Mange har born som treng nye klede og utstyr av ulike slag og nyttar høvet til å gje det som julegåve. Men langt dei fleste av oss har eigentleg alt vi treng og meir enn det. I staden for å gi slips nummer tretti, skjært nummer nitten eller bøker som ikkje blir lesne eller dill og dall som ingen eigentleg har bruk for, prøv dette:

- Kva med å gi bort ei geit til jul?

Kirkens nødhjelp lanserer denne jula ein alternativ gavebutikk på internett, der du kan



Gi bort ei geit til jul!

putte i handlekorga eit assortert utval gåver: ei geit til kr 250, kyllingar til kr 100, ein fotball til kr 200, ein grønsakshage til kr 600, ei vasspumpe til kr 1000 eller ei symaskin til kr 2000. Ved kjøp får du tilsendt koseleg(e) julekort med bilete av gåva(ene) du har valt. Kortet(a) kan du gje vidare til den eller dei du ynskjer å overraske med ei annaleis julegåve. Og dei som nyt godt av det du har betalt for gåva, får ein betre kvardag for seg og sine, ei framtid, eit håp. Dette finn du meir om ved å gå inn på www.gaversomforandrer verden.no eller ta

kontakt med Kirkens Nødhjelp sitt service-senter på telefon 22 09 27 00

- eller kva med å gi bort ei oppleving eller ei teneste?

Også Miljøheimevernet sin nettstad www.grønnhverdag.no har gode julegåvetips til den som vil satse på alternative gåver. Gi bort det finaste og mest verdifulle du har, nemleg tid og felles opplevingar. Dei beste ideane finst i ditt eige hovud. Kva med ein felles fottur i fjellet til sommaren, eller hjelp til å måle huset eller kappe ved osv. Skulle du trengje fleire tips, så har dei lagt ut ei tipse-liste frå A til Å. Går vi til dømes inn på L finn vi ludoturnering, luking, lesestund eller loftsrydding. Her er nok tips for einkvar smak. Ein kan også bestille gavekort til alternativ julegåve på same nettsida, i samlepakkar på fem eller ti, eller ein kan lage dei også sjølv. Kva med eit fotmassasjekort, laga som eit fotblodomriss, ein massasje pr tå?

LUKKE TIL MED ALTERNATIVT JULEGÅVEDRYSS!

Randi O. Oltedal



Eller kanskje kyllinger?

FØLG MEG



FØLG MEG står det på ledebilen som du skal følge etter gjennom tunellen. De ordene har nok de fleste av oss hørt før, i kristne sammenhenger, da er det Jesus

som forteller oss at vi skal følge han. Derfor kan jo disse ordene bak på ledebilen gi oss et hint om hva vi kan bruke ventetiden på. Nemlig å bruke tiden på han som sa disse ordene først, følg meg.


VENTETIPS FOR TUNNELREISENDE:

De siste ukene har kollonnekjøringen begynt for fullt, og de fleste av oss har nok lagt godt merke til at det blir en del ekstra venting, noe som kan være travelt nå når julen står for døren. Men dette er nok noe vi bare må regne med i de neste to årene. Derfor kan det nok være lurt å gjøre det beste ut av all ventetiden, kanskje finne på noe fornuftig mens du venter? Det går jo an å hilse på de i bilen bak, og kanskje få seg noen nye venner før jul, eller kanskje ta med et spill som for eksempel

Yatzy eller backgammon som du kan spille med noen i din egen bil mens du venter? Her er noen flere tips til hva du kan finne på, for å gjøre ventetiden litt kortere.

Takk til fotomodellene Christina Mulelid, Siri Mulelid og Annika Vik!

Tekst og foto: Elisabeth Mulelid, Ungdomsredaksjonen



Ventetiden på kolonnene er en glimrende mulighet til å be!



Ha med deg Bibelen, den er god å lese!



Bruk tida på å gjøre lekser!



Kort ventetida for barna. Ta med leiker!

Nasjonal bøsseinnsamling 10. desember 2006

AKSJON HÅP –

landsomfattande innsamlingsaksjon
10. desember

Askjon Håp – du har kan hende hørt det før. To ganger tidlegare har det vore gjennomført ein innsamlingsaksjon med denne overskrifta. Siste gongen var i år 2000. Initiativtakar til Aksjon Håp er NORME (Norsk Råd for Misjon og Evangelisering) 20 ulike misjonsorganisasjonar og kyrkjefamfunn står saman om denne aksjonen.

Aksjon Håp skal kjempe mot urett ved å hjelpe menneske i naud. For midlane som blir samla inn, vil tusenvis av undertrykte og marginaliserte menneske i mange av verdas fattigaste land få håp om ei betre framtid. Målet er å samle inn 65 millionar kroner.

Dei ulike deltakarorganisasjonane vel ut diakonale prosjekt som vil få støtte frå Aksjon Håp. Prosjekt som både skal hjelpe i akutt naud, men og skape langsiktig berekraft.

Dei fattige er dei som blir hardast ramma av sjukdom. Enkle tiltak kan redde tusenvis frå å dø av sjukdommar det finst behandling for. Nok helsepersonell og tilgang på medisin vil gjere at mange kan leve eit verdig liv med sjukdommen sin. Vaksinerings- og opplysningsarbeid kan hindre at sjukdom spreier seg og set hele samfunnet ut av funksjon. Reint vatn er noko alle treng. Diaré som fylgje av ureint vatn er ein av verdas vanlegaste dødsårsakar, og barn blir spesielt hardt råka. Med små ressursar kan ein finne vatn og reinse vatnet.

Med tiltak som landbruk, kraftutvikling og mikrokredittar, kan lokalsamfunn få moglegheiter som dei elles ikkje ville fått. Dei kan skape si eiga framtid. Analfabetisme og manglande undervisningstilbod er kraftige bremser for utvikling i dei fattigaste områdene i verda. Dei same områda er og ofte råka av konfliktar og krig. Minoritetar og marginaliserte grupper blir undertrykt. Forsoningsarbeid er ofte eit vilkår for utvikling og det er ein del av mange av dei prosjekta misjonsorganisasjonane driv.

Ein lokal komite er i gong med å førebu Aksjon Håp i vår kommune. Også hos oss vil vi ha dør til dør bøsseinnsamling 10. desember. Når tida kjem kan du kanskje vere med som bøsseberar eller engasjere deg på anna måte.

Du kan lese meir om aksjonen og ulike prosjekt på heimesida: www.aksjonhap.no





Mine tårer har du samlet i din flaske.

Tidlegare var Anne-Elisabeth Rørstad skribent i kyrkjebladet. No har ho gitt ut eit hefte med dikt og fargerike illustrasjonar.

I fjor haust hadde ho ei førjulststilling av bilete og dikt i kyrkjekjellaren på Valderøya. Fleire ønska å bli eigare av dei små skattane, og dermed tok Anne-Elisabeth og trykte opp eit hefte. Dikta er kvardagslege, men med ein klar budskap om at Gud alltid er hos oss. Budskapet vert understreket av dei hengjevne og varme teikningane. Anne-Elisabeth likar å skape noko fint rundt seg, glede andre med si eiga skaparglede. Men for nokre år sida vart ho brått sjuk, og

alt stoppa opp for ho." Men eg er på vei tilbake", seier ho." Sjølv om mykje går seint enda, kjem eg snart i susande fart på sykkel-en min, med hender og føter i alle retningar." Men litt småpusling skjer no og då. Ho målar enkle englar som ho kallar Noomi-englar., sjiraffar som heiter noomi-sjiraff, og småkort som blir noomi-kort.

Desse artiklane kan du sjå på Bakkebu på Valderøya, i lag med diktsamlinga. Ho ønsker alle i Giske kommune ei velsigna advents- og julehøgtid. "Og hugs at Jesus ikkje berre er til stades julaften, men året rundt. Berre sei navnet hans, så er han der," avsluttar ho med eit stort smil.



Anne- Elisabeth Rørstad.



Illustrasjon frå heftet.

7 Days and A Miracle

Fredag 27 oktober inntok det kristne bandet 7 Days and A Miracle scenen i Valderøy kirke.

Innenfor det kristne arbeidet i Valderøy kirke har det lenge vært pratet om at det hadde vært gøy å arrangere en konsert. Dette gjorde Tollfritt noe med, med Stian Holten Gidske, i spissen. Onkelen hans, Geir Holten, er med i det velkjente kristne bandet 7 Days and A Miracle, og i oktober tok de turen til Valderøy. 7 Days and A Miracle har i flere år turnert rundt i Norge, og hatt konserter på arrangementer som Skjærgårds music and gospelfestival, som er en kristen musikkfestival.

Tollfritt satset før konserten på å selge nok billetter til å fylle opp kirken med folk, noe de greide. Benkeradene var fyllt opp av skuleystne, som var giret på en skikkelig konsert. Da konserten begynte var det et vidt spekter av låter som ble fremført, de fleste med et kristent budskap. Etter konserten var det lagt opp til sosialt samvær i



Stian Holten Gidske ønsket velkommen til konsert.

kjelleren, med salg av pizzahorn, snop og brus.

Elisabeth Mulelid, Ungdomsredaksjonen.



Geir Holten.



Lewi Tveten Bergerud.

BESØKSTENESTE PÅ VALDERØY

Er du mykje aleine og kunne tenkje deg nokon å snakke med?
ELLER –
Er du glad menneske og har tid til overs?

Ta kontakt med
Randi Sjøvåg 70 18 39 93
Arnhild Sæther 70 18 21 26
Per Ole Valderhaug 70 18 27 45
Berit Johansen 70 18 80 39



EN SIKKER RØRFORBINDELSE BRUK



- * VARME- OG SANITÆR-ANLEGG, INDUSTRI
- * NYANLEGG – REHABILITERING
- * FORRETNING – UTSTILLING

MEMBER AV NORGES
STØRSTE RØRLEGGERKJEDE



Bademiljø
TLF. 70 18 12 65 FAX 70 18 14 44
MOBIL 97 05 75 90



MIDTBØ HANDEL

TLF. 70 18 51 85

6055 GODØY



VALDERØY - TLF. 70 18 22 08

9-21 (18)

POST - TIPPING

Kristelig litteratur, plater, kassetar,
lys, serviettar
STOR UTVAL I GAVER

ÅLESUND KRISTELIGE BOKHANDEL

SKAREGT. 2 - ÅLESUND - TLF. 70 11 55 68

Fylling Farge & Elektro a/s

6050 VALDERØY - TLF. 70 18 20 31

Malerverer, Tapeter, Gulvbelegg, Limer og Belysning



INDREMISJONENS BEGRAVELSEBYRÅ

Tlf.: 70 11 55 60

Skaregt. 2, Ålesund – etter kontortid 90 86 38 56

Ordner alt ved dødsfall og begravelser
Kranser og blomster besørger
Agentur for gravmonumenter

ALLTID TIL TJENESTE!

MARTIN S. GODØ A/S

FISKETILVIRKNING

6055 GODØY

Tlf.: 70 18 50 35 – Fax: 70 18 54 15

OLGA GODØ A/S

6055 Godøy
Tlf. 70 18 52 76 - Fax 70 18 16 44



Since 1927



Møbler & Interiør

6040 VIGRA – TELEFON 70 18 14 50 - FAX 70 18 10 76

MIN ADVENTSSALME



Vi har utfordra Magnus Andreas Nordstrand til å skrive om sin adventssalme denne gongen. Magnus er 20 år og frå Valderøya. Han tek i år grunnfag i musikk på Fjellhaug Misjonshøgskule. "Folkefrelsar, til oss kom" er Magnus sin adventssalme.

"Denne salmen vart skriven av Aurelius Ambrosius på 300-talet, medan han var biskop i Milano. Han var veldig ivrig på å formidle rett Jesus-tru gjennom salmane

han skreiv. På den måten vart tekstane hans veldig klare på kven Jesus er. Det er nettopp det som gjer at eg likar salmen "Folkefrelsar, til oss kom" så godt. I teksta slår han fast at Jesus vart fødd av ei jomfru, at det skjedde ved Den Heilage Ande, at han er Gud og menneske, at han er utan synd og fullkomen, at han fór ned i dødsriket, og at han no sit ved Guds høgre hand. Til slutt lovsyng og takkar han Jesus fordi han kom med frelse til menneska.

I denne salmen blir ein ikkje berre minna på at Gud kom til verda gjennom mannen Jesus, noko som i seg sjølv er eit stort under ein feirar og takkar for i jula, men ein får ein viktig forklaring på kvifor han vart fødd med kjøt og blod.

Jula er ei fin høgtid der vi feirar Jesu fødsel. "That's it" tenkjer mange. Men det Ambrosius formidlar er at fødselen kun er starten på eit stort frelsarverk. At han sigra over døden og synda 33 år seinare for vår skyld, er det viktigaste i historia om Jesus.

Eit ønske er difor at vi kan møte jula med takk til Gud fordi vi får ta del i frelsa han har gitt oss gjennom Jesus. Med andre ord har Gud gitt oss alle ei julegåve større enn alt: Folkefrelsaren, til oss kom. "

Magnus Andreas Nordstrand

Folkefrelsar, til oss kom

T Veni, redemptor gentium, Ambrosius (D. 397)

O Bernt Støylen 1905

M Einsiedeln omkr 1120/Erfurt 1524

Folkefrelsar, til oss kom, fødd av møy i armoadsdom!
Heile verdi undrast på kvi du såleis koma må.

Herrens under her me ser, ved Guds Ande dette skjer.
Livsens ord frå himmelrik vert i kjøt og blod oss lik.

Utan synd han boren er som all synd for verdi ber.
Han er både Gud og mann, alle folk han frelsa kan.

Frå Gud Fader kom han her, heim til Gud hans vegar ber,
ned han för til helheims land, oppför til Guds høgre hand.


Du som er Gud Fader lik, ver i vanmakt sigerrik!
Med din guddoms velde kom, styrk oss i vår armoadsdom!

Klårt di krubbe skina kan, ljøset nytt i natti rann,
naud og natt til ende er, trui alltid ljøset ser.

Lov og takk, du Herre kjær, som til verdi komen er!
Fader god og Ande blid, lov og takk til evig tid!

Radiogudsteneste 2. juledag

2. juledag kl 1103 kjem den fjerde radiooverførte gudstenesta i PI frå Valderøya i 2006. Denne gongen vert det song av eit samansett kor av det nystarta jazz-gospelkoret og Valderøy Ungdomskor. Richard Powell er ved orgelet. Kjetil Frøysa er forrettande prest. Vi oppfordrar til å kome og løfte songen og liturgien opp mot Gud og ut i eteren. Minner også om å be for gudstenesta. Be både for deltakarane i kyrkjeromet – og for den halve millionen tilhøyrarar rundt om ved radioapparata.



Skriv i kyrkjebladet du også!

Vi tek imot innspill til bladet vårt med stor glede. Har du synspunkter på leiaren? Har du noko viktig du meiner fleire må få høyre om? Har du meiningar om rettferdig handel? Har du fine bilete frå dåpsdagen? Er det nokon du vil heidre? Har du eit fint dikt liggande i skrivebordsskuffa?

Send det til oss. Vi må sjølvsagt vurdere det som vert innsendt, men responser er i alle fall bra. Lat skrivekløa få utløp!

Send bidraget ditt til: kyrkjebladet@giske.kyrkja.no

OPA JULEFEIRING I SPJELKAVIK KYRKJE

Spjellkavik kyrkjelyd arrangerer i samarbeid med Frivillighetssentralen i Ålesund ei opa julefeiring på julaftan. Feiringa startar rett etter gudstenesta som begynner kl.16.00. Ca. kl.18.00 serveres tradisjonell julemiddag. Det blir litt program, julepregang og pakker. Kaffe og kaker. Pris 100,-kr for voksne, 50,-kr for barn. Maks. fam pris 300,-kr. Påmelding til Spjellkavik kyrkjekontor tlf. 70 15 86 60.

GISKE PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret, Rådhuset, 6050 Valderøy
Kontortid: Tysdag - fredag.....kl. 10.00-14.00
Telefon: 70 18 80 40

E-post: vipa@giske.kommune.no

Sokneprest Kjetil Frøysa

E-post: kjfr@giske.kommune.no

Kapellan Reidar Standal

Soknediakon Berit Johansen

Sekretær Vigdis L. Paulsen

Kyrkjevevje Turid Urkedal Valderhaug 70 18 80 42

E-post: tuva@giske.kommune.no

Heimeside: <http://www.giske.kyrkja.no/>

Telefaks Giske kommune 70 18 80 01

Bustadtelefonar:

Sokneprest Kjetil Frøysa 70 18 13 74

Mobiltelefon 90 50 64 59

Kapellan Reidar Standal 70 18 52 67

Mobiltelefon 90 63 12 78

Soknediakon Berit Johansen 70 18 33 01

Organist på Valderøy og Vigra:

Richard Powell 70 18 11 11

Mobiltelefon 92 66 24 62

E-post: organist500@yahoo.co.uk

Organist på Giske og Godøy:

Runa Godø Sæther 70 18 18 02

Mobiltelefon 91 56 39 60

E-post: runaposti@online.no

Sekretær Vigdis L. Paulsen 70 18 52 12

Kyrkjevevje Turid Urkedal Valderhaug 70 18 10 16

Mobiltelefon 45 06 53 80

VALDERØY SOKN

Valderøy kyrkje 70 18 11 54

Kyrkjetenar/klokkar Britt Nordstrand 70 18 26 75

Soknerådsleiar Mette Rørvik Valderhaug 70 18 27 45

E-post: metteval@hotmail.com 47 41 39 51

6050 Valderøy

VIGRA SOKN

Vigra kyrkje 70 18 36 28

Klokkar Torill Hildre 70 18 33 89

Kyrkjetenar Håvard Bjørnelv Pettersen 70 18 07 27

Soknerådsleiar Asbjørn Røsvik 70 18 11 78

E-post: arosvik@online.no 91 10 07 65

Reset, 6040 Vigra

GISKE KYRKJELYD I GISKE SOKN

Giske kyrkje 70 18 09 90

Kyrkjetenar/klokkar Inger M. Godø 70 18 52 76

Soknerådsleiar Arnfinn Rune Giske 70 18 05 39

6052 Giske

GODØY KYRKJELYD I GODØY SOKN

Kyrkjetenar/klokkar 70 18 05 39

Soknerådsleiar Arnfinn Rune Giske 70 18 05 39

6052 Giske

Returadresse: Kyrkjebladet, Rådhuset, 6050 Valderøy.

KRIK PÅ GISKE

Lange servar, smash og blokk, på KRIK har vi det kjekt med volleyball. Kvar onsdag klokka halv sju møtest vi og sender ballar veggimellom i gymsalen på Giske skule.

KRIK (kristen idrettskontakt) er ein organisasjon som arbeider med å spreie idretts glede og vinne folk for Kristus gjennom leik og idrett. KRIK driv ei mengd lokallag spreidd rundt om i heile Noreg. Dei er drivne av frivillige, og kven som helst kan starte eit lokallag. KRIK er svært inkluderande og vil

arbeide på tvers av prestasjonsnivå, alder og idrettsgreiner.

På Giske spelar vi for det meste volleyball, men fotball og leikar står også på programmet når vi varmar opp. Midt i økta tek vi ei lita pause og har ei kort andakt før det er på'n igjen. No er vi ikkje meir enn ti deltakarar. Difor ønskjer vi at endå fleire vil delta. Alle frå åttande klasse og oppover er velkomne til å bli med.

Helsing Finn Idar Grøtta Giske og Åsmund O. Oltedal



Friske takter på KRIK Giske. Foto: Erling Urkedal



KRIK'arar på Giske: Bak f.v.: Finn-Idar Grøtta Giske, Åsmund Oksavik Oltedal. Framme f.v.: Erlend Grøtta Giske, Hanne Furnes, Vegard Oksavik Oltedal. Foto: Erling Urkedal

25 ÅRS JUBILEUM

Vi føyer og til at KRIK på landsplan har 25 årsjubileum i år, noko som vil bli feira både med sentrale arrangement og rundt i lokallaga. Neste store sentralarrangement er nyttårsleiren Explore 2007, der over 1000 ungdomar samlast i Håkons Hall på Lillehammer. Vil du finne ut meir om KRIK sine aktivitetar og arrangement, finn du det på nettsida deira www.krik.no

PS! Kyrkjebladredaksjonen opplyser at Valderøy har tilsvarande tilbod som Giske. Dei held til i gymsalen på ungdomsskulen torsdagar kl 19.30-21.00, der det er ulike og varierte ballaktivitetar frå gong til gong. Her er ein velkomen å ta del frå 8. klasse og oppover om ein likar variert sportsaktivitet og fellesskap med andre.

KYRKJEBLADET

“Lyft dykkar hovud, de portar, ja, lyft dykk, de eldgamle dører,
så kongen, den herlege, kan koma inn!” Salme 24.7

Nr. 4 - Desember 2006 - 33. årgang



VIGRA KYRKJE



VALDERØY KYRKJE



GODØY BEDEHUSAPELL



GISKE KYRKJE



Salome Røssevold tenner mamma Kathrins adventslys




Anne-Elisabeth Rørstad.
Bilder og dikt.



Alternative julegåver



Kor Tøft på ny CD



Laudamus på ny CD